

ÅRSBEREDNING SKIGRUPPA 1973.

Styret for 1973: Formann: Karl J. Reigstad, Øivind Aasheim og Helge Reigstad. Barnegruppa: Formann: Arnljet Rongved, John. Loftås og Olav Mjelde.

Representasjonen: NM 30 km - Magnus Mjelde
 NM 15 km - Magnus Mjelde
 NM 3 - 10 km stafett: Øivind Aasheim, Magnus Mjelde og Leiv Mjelde.
 NM junior 15 km: Vinjar Borge
 NM junior 4 + 7 km stafett, krinslag: Vinjar Borge.

Aktivitet: Deltaking i Norgesmeisterskap: 5 renn
 Krins- og områderenn: 24 "
 Eigne mindre renn: 4 "
 Sum: 33 renn (1972: 18 renn)

Deltakinga fordeler seg slik på dei ulike klassar:

<u>Klasse</u>	<u>Større renn</u>	<u>Eigne renn</u>	<u>Totalt</u>
Senior	10		10
Junior	3	+2	5
Gutar	15	+7	20
Jenter	<u>3</u>	<u>+8</u>	<u>11</u>
Sum:	<u>29</u>	<u>+17</u>	<u>46</u>

Dette er ein nedgang på 3 frå året før.

Det vart altså ein ny snøfattig vinter, men ikkje verre enn at våre eigne tilskipingar kunne gå nokolunde etter planen. Krinsrenna, 10. og 11. februar gjekk på Skjerping i gode løyper, takka vere stor innsats med løypepreparering først og fremst av dei aktive. Vandrepokalen gjekk i år til Stein Wehle som fekk sitt første napp. Laget skipa og til Osterøymeisterskapet for dei eldste klassane i samband med Osterøymeisterskapet for jenter og gutar i Dyrkollbetn, skipa til av Fotlandsvåg IL. Dessutan var laget skipa til 3 treningsrenn, det eine på Kvamskegen.

Resultat: NM Påberg 30 km - Magnus Mjelde nr. 37 kl. B
 NM " 15 km - Magnus Mjelde nr. 67 kl. B
 NM " 3*10 km stafett - Osterøy nr. 29 med dette laget:
 Øivind Aasheim, Magnus Mjelde og Leiv Mjelde.
 NM Gjøvik, junior: 15 km - Vinjar Borge nr. 74.
 NM " " : 4*7 km stafett: Vinjar Borge nr. 20

Desse har plasseringar mellom dei tre beste i sin klasse i større renn:

	1.pl.	2.pl.	3.pl.
Leiv Mjelde	10	2	1
Vinjar Borge	10	1	1
Roald Vatle	6		
Magnus Mjelde	3	3	2
Kjersti Hengved	2	3	
Øivind Aasheim	2	2	3
Karsteil Borge	2	2	1
Rita Håzland	2		
Bjørn Mjelde	2		
Åse Opkvitne	1	1	
Karl Reigstad		3	1
Audun Småland		1	2
Bjarne Langhelle		1	
Alvard Mjelde		1	
Olav Løftås		1	
Kjetil Løftås		1	
Knut Småland		1	
Øystein Borge			1
Arve Solberg			1
<u>Sum (tala i parantes: 1972)</u>	<u>41 (16)</u>	<u>23 (9)</u>	<u>13 (3)</u>

Nokre få resultat manglar truleg. Resultatmessig er dette noko av det beste som er registrert i laget si sege. I KM i 3*10 km stafett vart det også i år 3.plass (1.pl. i kl. B) etter Odda og Viljar. Desse var med på laget: Øivind Aasheim, Magnus Mjelde, Leiv Mjelde.

Økonomi: Dette er som vanleg eit ømt punkt. Bortsett frå ymse tilskot har det ikkje vore inntekter av betydning. Startpengar er betalt av laget, men berre ein svært liten del av reiseutgiftene har vorte dekte. Som tilskot til NM-deltakarane har kommunen løyvt 1500 kr, men desse er førebels ikkje utbetalte.

Lysløype: Det er teke kontakt med beitelaget om lysløype på Havrå-dalen. Dersom den økonomiske sida av saka kan løysast, skulle det vera megeleg å ha ei løype klar til bruk til neste sesong.

Trening: Treninga har gått etter vanleg mønster: Kvar onsdag med ute- og innetrening i Haus, nokre laurdagssamlingar (med dårleg frammete) med løpstrening, og dessutan har dei enkelte drive med fjellturar

og ein del trening på rulleski. På skikrinsen sine samlingar i Mørkdalen har desse vore: Magnus Mjelde, Bjarne Langhelle, Karl J. Reigstad, Vinjar Borge og Roald Vatle.

Konklusjon: Som før nemnt var sesongen resultatmessig ein av dei beste som har vore. Tek ein vertilhøva i betraktning, kjem han kanskje heilt på topp. Fire deltakarar i Nergesmeisterskap er ikkje daglegdags kost for laget vårt, og dei fire: Magnus Mjelde, Leiv Mjelde, Øivind Aasheim og Vinjar Borge har all are av innsatsen. Dei var sjølvsagt og dei som gjorde seg mest bemerkta i dei lokale renna med ei mengd fine plasseringar.

Det er likevel grunn til uro når det gjeld rekrutteringa, men ein normal vinter og eit større renntilbod for dei yngste vil truleg retta neko på dette.

Bestemannspremien går også i år til Leiv Mjelde etter hard kamp med Magnus Mjelde. Stimulansepremiene går til Rita Hatland og Roald Vatle.

Styret i skigruppa takkar aktive, foreldre og andre interesserte for god innsats i året som gjekk og ynskjer vel møtt og lukke til i den nye sesongen.

Bruvik 28/12 - 1973

Helge Reigstad

Øivind Aasheim Karl J. Reigstad